

Årgang 41
Nummer 3

MARS 2017

TAVLA

Bygdeavis for Kjølisdalen krins

Utgjevar:

Kjølisdalen
Ungdomslag

FRIST NESTE TAVLE:

1. APRIL

Stoff kan sendast til
Dianne Eikås,
tlf. 918 41 657 eller e-post:
diannjor@online.no

^^^

Støtte til drift av TAVLA:
Kontonr 3790 21 11981.
Merk giroen med Tavla.

Bur du utanbygdes og ønskjer å
vere e-post mottakar av TAVLA
Send e-post adressa di til
diannjor@online.no

GUDSTENESTER KJØLSDALEN KYRKJE

Søndag 12. mars klokka 15.00
Familiegudsteneste - spesielt
invitert er 2, 3 og 4 åringar.
Kyrkjelydens årsmøte med kyrkje-
kaffi.

Søndag 19. mars klokka 15.00
Samtalegudsteneste med
konfirmantane.

Soknerådet

MEDLEMSMØTE I SANITETSFØREININGA

Kirsebærhagen
Måndag 13. mars klokka 19.00

Informasjonssaker
Loddsal
Mat og kaffi



VEL MØTT

Styret

GENERALPRØVE - SKULEMUSIKKEN

Tysdag 14. mars klokka 19.15

Inviterer Kjølisdalen skulemusikk til
generalprøve i Kjølisdalen Samfunnshus!
Vi skal delta på Nordvesten i Florø laurdagen etter,
og vil gjerne framføre «Legend in Brass» for publikum!



Dirigent: Tryggve Dyrvik
Gratis inngang

Alle er hjerteleg velkomne!

ÅRSMØTE KJØLSDALEN KRINS UTVIKLINGSLAG

Årsmøte i KKUL blir holdt i bygdekontoret på Montessoriskulen
SØNDAG 26. MARS KLOKKA 19.00

Vanlege årsmøtesaker
Vel møtt!

Styret i KKUL

ÅRSMØTE- KJØLSDALEN SAMFUNNSHUS

TORSDAG 23. MARS KLOKKA 19.00

Vanlege årsmøtesaker
Vel møtt!

Styret

ÅRSMØTE KJØLSDALEN KRINS SANKELAG

Årsmøte i beite- og sankelaget vert halde på Montessoriskulen
TORSDAG 9. MARS KLOKKA 20.00

Vanlege årsmøtesaker
Innkjøp av radiobjøller
Vel møtt!



Bjørn Aardal - leiar

«STRIKKE-KAFÉ»


Samfunnshuset - Føledestova

ONSDAG 8. MARS - klokka 19.30 - 21.30
ONSDAG 15. MARS - klokka 19.30 - 21.30
ONSDAG 22. MARS - klokka 19.30 - 21.30
ONSDAG 29. MARS - klokka 19.30 - 21.30

Ta med godt humør, strikkesetøy eller anna handarbeid
og møt opp ...
Enkel servering - kaffe og te.

ALLE ER HJERTELEG VELKOMNE!

Bygdekvinnelaget



NYTT STYRE I KJØLSDALNE SANITETSFORENING

Leiar: Astri Elvebakke
Nestleiar: Bjørg Erviksæter
Kasserar: Jorunn Breiteig
Styremedlemar:
Kirsten Kjøllesdal
Janne Midthjell
Else Lothe
Anne Marie Sundal
Varamedlemar:
Martha Hopland
Oddrun Erviksæter
Anne Sæthre

Styret i saniteten

FRÅ ÅRSMØTE TIL VINDFYLLA

Årsmøte for Vindfylla Spelemannslag vart halden i
Kjølsdalen Montessoriskule tysdag 28. februar.
Det nye styret er som følgjer:
Sigmund Larsen (leiar)
Bernar Midthjell - Peder Osevoll Midthjell
Ida Maren Lågeide Midthjell - Thomas Hals

Utdrag frå årsmeldinga vedteken av årsmøtet:
11.-12. MARS, FYLKESKAPPLEIKEN 2016 :
Vellukka arrangement på dei aller fleste måtar. Flotte
tilbakemeldingar frå både dansarar, spelemenn,
dommarar, Folkemusikklaget og publikummarar. Det
vart ein intim og oversiktlig kappleik, slik det var
tenkt. 440 deltakarnummer totalt. Det var bortimot
rekordpåmelding, noko som gjorde at det til tider
både var ein utfordrande jobb å få alle gjennom sjølve
tevinga, og å handtere alle behov i sekretariatet, men
hovudnemnda sitt hovudintrykk er at dette ikkje var
mykje merkbart for korkje deltakarar eller publikum.
Vindfylla er særst takksam for det gode samarbeidet
med lag og organisasjonar i bygda. Det var heilt
avgjerande for å kunne gjennomføre dette
arrangementet i så god stil.

Musikalsk deltok Vindfylla og feleaspirantane
i lag med Kjølsdalen Skulemusikk under opninga av
kappleiken fredag kveld. Thomas Hals deltok i fele kl.
B og fekk ein 5. plass med 95p. Medlem i Vindfylla
Georg Kvamme, deltok i klasse gruppespel runddans
senior i lag med Randis gammaldansorkester. Dei tok
sigeren med 115p. I klassa for Lagspel runddans
m/dans stilte Vindfylla blant 8 andre lag. Dei fekk
118p og 3. plass, berre 4p bak Gamlebanken på 1. plass.
Feleaspirantane sjarmererte ein fullsett sal i senk med
sine slåttar under Smørbutikk-kappleiken laurdag
føremiddag.

ÅRSMØTE 2016 KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I
KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA

Vrimlearealet -Torsdag 27.april 2017 kl 20.00 - 21.30

Sakspapir sendast til delegatar ved å kontakte dagleg
leiar på thomas@kjolsdalenmontessori.no eller på
telefon 57 86 49 50.

Framlegg som skal handsamast på årsmøte må vere
styret i hende seinast 10 dagar før møtet.

Årsmøte skal handsame:

1. Val av møteleiar og referent og ein person til å
skrive under protokollen i lag
med møteleiar og referent. Registrering av
frammøtte og fullmakter.
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Årsmelding
4. Årsrekneskap
5. Disponering av årsoverskot
6. Informasjon om budsjett og føretaksplan
7. Fastsetting av eventuell godgjerjing til det nye
styret som no skal veljast.
8. Val av styremedlemmar, 2 år
9. Val av styreleiar, 1 år
10. Val av valnemnd på 2 personar, 2 år
11. Andre saker innmeldt til årsmøtet
12. Saker til orientering

Årsmøtet er vedtaksført med minst 15 frammøtte
medlemmar.

Kjølsdalen 13.02.2017

Styret i Kjølsdalen Montessoriskule SA



KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

OPEN DAG - 20. MARS

Elevar og tilsette ved Kjølssdalen Montessoriskule inviterer **alle** interesserte og engasjerte til besøk i skulen måndag 20. mars. Programmet er som følgjer: 16.00 - 18.00:

KAFÈ: Elevar på 5. og 9. trinn serverer middagsmat, kaffi og kaker.

Ta middagen din på skulen denne dagen!

Menyen er ikkje HEILT klar, men det vert noko som «alle likar».

17.00 - 18.00:

PRESENTASJONAR: Elevar på alle andre trinn presenterer arbeid, arbeidsmåtar og materiell til alle som er nysgjerrige. Det vert presentasjonar både i små- og storskulen.

ELEVINTAK 2017/18

Det er ledig plass på alle trinn frå 1. til 10. trinn frå hausten av.

Søknad finn de på heimesida til skulen:

www.kjolsdalenmontessori.no

Skulepengar pr. i dag er 350,- pr. måned i 11 månader. Søskenrabatt for søsken 2 og 3.

Skulepengane dekkjer alt materiell, frukt 2 gonger dagleg, lunsj (både varm og brødmatt) kvar dag.

Skulen er ope frå 07.30 til 17.00 kvar dag. Kjernetida der elevane må være til stades er mellom 08.30 og 14.30. Opphald på «Open skule» før og etter denne kjernetida er inkludert i skulepengane.

Skyss er gratis for alle med lengre skuleveg enn 4 km uansett kvar i Eid kommune ein bur (2 km for førsteklassingar). For elevar busett i andre kommunar er skyss frå kommunegrense til skulen gratis, og resterande skyss vert dekt med inntil 5000,- pr. elev pr. år.

Ta kontakt med rektor på tlf. 57 86 49 50 eller 92 44 10 35, eller på e-post

thomas@kjolsdalenmontessori.no om de har spørsmål utover dette.

STYREMØTE 2 - 2017

Måndag 3. april kl. 19.00 er det styremøte nr. 2 for 2017 i Kjølssdalen Montessoriskule.



UT PÅ SKI!

17. MAI KOMITEEN 2017

Første møtet blir onsdag 29. mars 2017 kl. 2000 på Kjølssdalen Montessoriskule.

Kan du ikkje møte gi tilbakemelding til **Lars Frode Humborstad tlf. 971 64 977**

Berstad Heidi
Brattheim Anne
Buczowski Barbara
Buczowski Piotr
Bugjerde Steinar
Eide Tone
Follevåg Kari
Gillesdal Magnhild
Gilleshammer Inge
Gilleshammer Johanne Thue
Gilleshammer John



Gilleshammer Jostein
Gilleshammer Martin Leite
Hatlegjerde Liv Olene
Hatlenes Sonja
Humborstad Lars Frode
Humborstad Sten Inge
Innvar Helene
Johnsen Anne Lisbeth
Kjølssdal Anders



Laugerud Arve
Lefdal Peder
Leite Monica
Leite Vebjørn
Leite Øystein
Martini Baltashar
Midthjell Berner
Myklebust Kristin
Myklebust Torfinn
Naustdal Ingrid Oselie



Nuland Inger Lise
Refvik Siv Jeanett
Rylandsholm Silje
Solibakke Marianne
Sundal Bjørn
Sundal Geir
Sundal Helga Didrikke
Sundal Ingvard
Sundal Jørn Kåre
Sundal Kristoffer Nilsen



Sundal Steffen
Sundal Åse
Sunde Eva
Valmaite Agne
Valvik Laila Kristin
Ytrehus Kjell Rune
Ytrehus Silje Jasmin




BYGDEKINOEN

KJØLSDALEN SAMFUNNSHUS - ONSDAG 15. MARS

Kl 18:00 VAIANA

Aldersgrense: 6 år

VAIANA handlar om ein eventyrlysten tenåring, som ved hjelp av havguden Maui, seglar ut på havet på eit dristig oppdrag for å bli ein ekte sjøfarar og redde folket sitt...



20.00 xXx RETURN OF XANDER CAGE

Aldersgrense: 12 år.



Vin Diesel er endeleg tilbake som trippel-x-agent Xander Cage i denne actionfylte oppfølgaren. Cage omkom tilsynelatande under eit oppdrag for nokre år sidan, men kjem fram frå skuggane igjen når verda står framfor ein ny trussel i form av alfakrigaren Xiang og det ustoppelig våpenet Pandora's Box. Cage må sette saman eit nytt team av vågale agentar og gje seg i kast med ein konspirasjon som strekkjer seg helt heilt til topps i maktsirklane i verda.

Trekføveret 4H

SPEL & DANS

Tysdag 14. mars:

«Tysdagssvetten» i Markane, kl.
20.00 - 22.00

Søndag 9. april:

Dansespeing i Valhall på Eid, kl.
20.00 - 22.00

Tysdag 2. mai:

«Tysdagssvetten» i Markane, kl.
20.00 - 22.00

Søndag 21. mai:

Dansespeing i Valhall på Eid, kl.
20.00 - 22.00

Vindfylta spelemannslag

BATTERIJAKTA 2017

4. trinn ved Kjølisdalen Montessoriskule er no påmeldt «Batterijakten 2017». Jakta startar 8. mars og avsluttast 28. mars.

Det er om å gjere å samle inn, handsame og levere inn til gjenbruksstasjon så mykje batteri som over hovud mogleg. Skulen (både vaksne og elevar) tek i mot batteri frå no av og heilt fram til aksjonsslutt. Dei batteria som tel med når ein veg inn er vanlege hushaldningsbatteri. Det vil seie lause småbatteri og eingongsbatteri (Batteri som er merka med: AA, AAA, AAAA, C, D, 9V, 4,5 V og knappcellebatteri). Elevane tek imot andre batteri enn desse og kjem til å levere dei inn, men dei vert ikkje med i den vekta som registrerast i konkurransen. I fjor fekk vi 4. plass totalt i konkurransen, og i 2015 vann vi. Vi satsar høgt i år òg, men då må 4. trinn få ALL DEN HJELPA de kan gi på vegen!

Montessoriskulen